

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

**Onsdag, 12.02.2020 kl. 14.00, rådhuset, 2. etg.,
møterom "Velledalen"**

SAKLISTE:

- Sak 01/20 Meldingar.
- Sak 02/20 Godkjenning av møtebok frå møte 13.11.2019.
- Sak 03/20 Bestilling av overordna analyse- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltingsrevisjon.
- Sak 04/20 Frå kommunerevisjonen: oppsummering etter interimrevisjon 2019.
- Sak 05/20 Frå kommunerevisjonen: rapport etter forenkla etterlevingskontroll.
- Sak 06/20 Årsrapport 2019 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap for Sykkylven kommune.
- Sak 07/20 Årsmelding for Sykkylven kontrollutval 2019.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)

Sak 01/20 Meldingar.

Melding nr. 1, Møtebok frå konstituerande møte i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Melding nr. 2 Tilbod om kurs.

Melding nr. 1

SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS (SKS IKS)

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 23. januar 2020, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etasje. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes, Ålesund kommune fram til val av ny leiar av representantskapet. Deretter leia nyvalt leiar Dag Olav Tennfjord frå Ålesund kommune møte.

Elles til stades:

Gudmund Relling, Fjord kommune, Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune, Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, Dag Oksnes, Giske kommune, Jan Magnar Sandvik, Sula kommune, Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune, Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune, Håkon Lykkebø Strand, Ålesund kommune, Åge Vikestrand, Ålesund kommune, Randi Asbjørnsen, Ålesund kommune.

= 10 voterande

Ikkje til stades: Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista blei godkjent.

Sak 01/20 Møtebok frå møte 17.10.2019 til vitande.

Representantskapet tok møteboka frå møte 17. oktober 2019 samrøystes til vitande.

Sak 02/20 Val av leiar og nestleiar i representantskapet i SKS IKS

Det låg ikkje føre innstilling til vedtak frå sekretariatet.

Jan Ove Tryggestad frå Stranda kommune fremma forslag på Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune som leiar av representantskapet. Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune fremma forslag på Jan Ove Tryggestad som nestleiar av representantskapet.

Det blei først votert over leiar og deretter votert over nestleiar.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune veljast som leiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune veljast som nestleiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

Sak 03/20 Val av styre i SKS IKS.

Nestleiar av valkomiteen Gudmund Relling ga ei orientering kring komiteens sitt arbeid og presenterte kandidatane.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Som styre for Sunnmøre kontrollutvalsetretariat IKS veljast følgjande medlemmar og varamedlemmar:

- Styreleiar Svein Ove Søholt, veljast for 4 år
- Nestleiar Anne Lise Hessen Følsvik, veljast for 4 år
- Styremedlem Rolf Bergmann, veljast for 2 år

- 1. varamedlem Gunn H. Wågsholm, veljast for 2 år
- 2. varamedlem Randi Bakken Stavseth, veljast for 2 år
- 3. varamedlem Thor Hansen, veljast for 2 år

Sak 04/20 Kort orientering om selskapet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar ga ei orientering om selskapet og dei utfordringane og moglegheitene ein står over for. Fokus var knytt til bemanninga av selskapet i tida framover. Medlemmane fekk høve til å stille spørsmål kring desse emna.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Neste møte i representantskapet var avtalt til måndag 11. mai og onsdag 21. oktober, begge dagar kl. 12.30 (med lunsj frå 12.00) i Lerstadvegen 545.

Møte var slutt kl.13.50

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Folkevaldopplæring –17. 3.2020 -Alexandra Hotel, Molde

Tidspunkt	Tema	Foredragsholder
09:00 – 09:30	REGISTRERING og noe å bite i	
09:30 - 09:35	Innledning	Daglig leder Jane Aspen, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
09:35 – 10:30	Systemsvikt i kommunal sektor <ul style="list-style-type: none"> - Rettslige krav til forvaltningens systeminnretning 	Professor Erik Magnus Boe , UiO
10:30-10:45	PAUSE	
10:45 – 11:45	State of the Nation <ul style="list-style-type: none"> - Hva er tilstand i Norge for kommunale og fylkeskommunale bygg, veier, vannforsyning og avløpsanlegg? - Rådgivende ingeniørers forening (RIF) sin tilstandsanalyse av infrastrukturen i Norge vil bli presentert og gjennomgått <ul style="list-style-type: none"> o Kommunale og fylkeskommunale bygg: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Bygg.pdf o Kommunale og fylkesveier: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vei.pdf o VA-anleggene og –nettet: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vann-Avløpsanlegg.pdf - Hvilken rolle bør kontrollutvalgene ta ovenfor sine kommuner? 	FoU-leder Tom Baade-Mathiesen , Norconsult
11:45 – 12:30	LUNSJ	
12:30 – 13:10	Kommuneøkonomi <ul style="list-style-type: none"> - Finansielle måltall 	Stabsjef for økonomi- og virksomhetsstyring Lars Kr. Fylling , Ålesund kommune
13:10– 13:45	Økonomi for ikke-økonomer <ul style="list-style-type: none"> - Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper 	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring Åge Sandsengen , Nord-Aurdal kommune
13:45 – 14:00	PAUSE	
14:00 – 15:00forts økonomi for ikke-økonomer <ul style="list-style-type: none"> - Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper - Sentrale regnskapsmessige forhold som kontrollutvalgene bør være opptatt av 	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring Åge Sandsengen , Nord-Aurdal kommune
15:00-15:15	PAUSE – med kaffe og kake	
15:15 – 16:15	Eierskapsforvaltning <ul style="list-style-type: none"> - Prinsipper for god eierskapsutøvelse 	Avdelingsdirektør Georg Rabi , Eierskapsavdelingen i Næringsdepartementet
16:15-16:30	PAUSE	
16:30 – 17:00	Hvordan bør kontrollutvalgene følge opp eierskapsforvaltningen	Kontrollsjef Tor Harald Hustad , Møre og Romsdal fylkeskommune

Sak 02/20 Godkjenning av møtebok frå møte 13.11.2019.

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13.11.2019, kl.14.00

Møtestad: F-salen, rådhuset.

Møtet vart leia av: Leonhard Vårdal

Elles til stades: Petter Hole-Drabløs, Kjellaug Roald og Grethe Melseth .

Hadde meldt forfall: Torbjørg Midtgård.

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann May Helen Molvær ved innleiinga av møtet. Ordførar

Odd Jostein Drotninghaug kom innom og helste på kontrollutvalet.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend.

Sak 17/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 21.08.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møteboka frå møte 21. august 2019 blir godkjent.

Sak 18/19 - Oppgåver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. november 2019

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal orienterte utvalet om at deler av presentasjonen vil bli halden på kommunestyret sitt folkevalt møte tysdag 26. november 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Sak 19/19 - Orientering om forenkla etterlevingskontroll v/ revisor Anne Nygård

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. november 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Sykkylven kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Sak 20/19 - Overordna revisjonsstrategi 2019 for Sykkylven kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. november 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Sykkylven kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Sak 21/19 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2020.

Kontrollutvalet gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Møteplan 2020 vert: **12. februar, 26. mars, 13. mai, 9. september og 25. november.**
Fleire møter kan haldast ved behov.

Møtet var slutt kl. 15.30

Leonhard Vårdal
Leiar
(sign.)

Petter Hole-Drabløs
nestleiar
(sign.)

Kjellaug Roald
medlem
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Sak 03/20 Bestilling av overordna analyse- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatata av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Sykkylven kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan i prinsippet verte utført og førebudd av sekretariatet. Oss har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre seg følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MMR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.

- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høy/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av våren 2020

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafør ei ramme på inntil 100 timer.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafør ei ramme på inntil 100 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 04/20 Frå kommunerevisjonen: oppsummering etter interimrevisjon 2019.

Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennom året. I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvene til kommunen.

I møte onsdag 12. februar 2020 vil oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimrevisjonen 2019. Hennar presentasjon ligg ved saka.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OPPSUMMERING ETTER INTERIMSREVISJON 2019

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 12.02.2020

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA FRA 01.01.2020

2



25 ansatte med høy kompetanse

Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.

Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Fjord kommune og Hustadvika kommune sammen med 17 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjoner og rådgivning

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

VÅR KOMPETANSE

3

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
 - ▶ Statsautoriserte revisorer
 - ▶ Registrerte revisorer
 - ▶ Samfunnsvitere
 - ▶ Statsvitere
 - ▶ Diplomert interntrevisor
 - ▶ Jurist m.m.



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

Vurdering av intern kontroll

4

- ▶ Møte med rådmann og økonomisjef
 - ▶ Arbeid med å halde høg etisk standard
 - ▶ Forbeta rutine ved godkjenning i bank
- ▶ Viktig intern kontroll:
 - ▶ Einingsleiar gjennomgår resultatet på sine einingar
 - ▶ Attestasjon og tilvising
 - ▶ Avstemming av kontoar
- ▶ Rekneskapsavdelinga
 - Stabil og god leiar for rekneskap
- ▶ Erfaringsmessig generell god intern kontroll

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

Revisjonsstrategi

5

- ▶ Testing av rutinane for utbetaling av startlån
 - ▶ Gjennomført – ingen merknader

- ▶ Rutinar og reglement for gjelds- og finansforvaltning
 - ▶ Gjennomgått – rentebinding med rentebytteavtalar

- ▶ Testing og utskriving av eigedomsskatt etter endra regelverk og vedtak
 - ▶ Utskriven eigedomsskatt stetter siste vedtak

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

Revisjonsstrategi

6

- ▶ Kartlegging av IT-sikkerheit og informasjonssikkerheit
 - ▶ Rådmannen har sett ned eit kontroll- og kvalitetsutval som arbeider med mellom anna sikkerheit. Vi har fått referat frå møta, der forslag til organisering, område og framdrift er skissert.

- ▶ Rullerande kontroll av bundne fond
 - ▶ Ikkje utført enno

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

Momskompensasjon

7

- ▶ God intern kontroll da reknskapsavdelinga kontrollerer momskodane før overføring til rekneskapen
- ▶ Reknskapsavdelinga har vore flink til å orientere/kurse einingane om reglane for momskompensasjon
- ▶ Ikkje vesentlege feil – feil vert korrigert

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Revisjon av transaksjonsområda

8

- ▶ Lønn
 - ▶ Kontroll av leiarløn
 - ▶ Rapportering til kommunestyret kvar måned – vurdert avvik
- ▶ Innkjøp
 - ▶ Attestasjon og tilvising
- ▶ Overføring
 - ▶ Eigedomsskatt (revisjonsstrategi)

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

Revisjon av transaksjonsområda

9

- ▶ Salsområdet
 - ▶ Vederlag for heimebaserte tenester
 - ▶ Opphaldsbetaling barnehage, SFO og kultur
- ▶ Finans
 - ▶ Startlån (revisjonsstrategi)
 - ▶ Opptak av lån

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

Revisjon av transaksjonsområda

10

- ▶ Investering
 - ▶ Skilje drift og investering
 - ▶ Attestasjon og tilvising etter delegert mynde
- ▶ **Konklusjon** på revisjon av transaksjonsområda er at vi ikkje har vorte merksame på noko som gir oss grunn til å tro at det kan verte vesentlege feil i rekneskapen

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

Forenkla etterlevingskontroll

11

- ▶ Kontrollen er avslutta i januar og kontrollutvalet vil få eigen rapport på dette

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

11

12

“

Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får et enda bedre
fylke å bo i

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

12

Sak 05/20 Frå kommunerevisjonen: rapport etter forenkla etterlevingskontroll.

Bakgrunn:

Forenkla etterlevelseskontroll etter § 24-9 i kommunelova vil vere eit direkte attestasjonsoppdrag.

Det er kommunen sin valde rekneskapsrevisor som skal utføre forenkla etterlevelseskontroll. Revisor skal bli einig om vilkåra for oppdraget med kontrollutvalet

Risikoen og- vesentleghetsvurderingane til revisoren skal leggjast fram for kontrollutvalet til orientering (blei gjort i KU sak 19/19). Ved presentasjon av vald(e) område(r) for etterlevelseskontroll må revisor vere tydeleg i skildringa av kriterium, og tydeleg avgrense kva som skal kontrollerast.

I møte onsdag 12. februar 2020 vil oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård gje kontrollutvalet ein gjennomgang av etterlevelseskontrollen. Hennar presentasjon ligg ved saka.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til Kontrollutvalet i Sykkylven kommune	Kopi til Kommunedirektøren i Sykkylven kommune
---	--

Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga.

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Sykkylven kommune si etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på følgjande område:

Kontroll av etterleving av reglane om kontraktsoppfølging etter innkjøpsreglane og kommunen sitt interne regelverk, der vi kontrollerer

1. At bokførte utgifter er i samsvar med kontrakt
2. At gjeldande kontrakt er gyldig og ikkje forelda
3. At avrop på rammeavtalar blir gjennomført etter reglane
4. At bokførte utgifter på investeringsprosjekt er innafør budsjettetramma, og om eventuelle endringar/tillegg er gjennomført etter innkjøpsreglane

Periode:

Vi har kontrollert kontraktar som er knytt til bokførte utgifter i 2019.

Kriterier er henta frå:

Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)
Økonomireglementet i Sykkylven kommune

Leiinga sitt ansvar for etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga vert gjennomført i tråd med reglar og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for forsvarleg kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld krav om uavhengigheit og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg varsemd, tillit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Møre og Romsdal Revisjon SA eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, medrekna dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og annen regulering.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi ein uttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommuneloven sine reglar og RSK 101. Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for om det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleving av reglar og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det området vi har gjennomført forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei vurdering av analyse av risiko- og vesentlege forhold, som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i medhald til RSK 101, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at reglar og vedtak for økonomiforvaltninga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lågare sikkerhetsgrad enn tryggande sikkerhet, og vi gir difor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerhet som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi ikkje vorte merksame på noko som gir oss grunn til å tro at Sykkylven kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd reglane i innkjøpsregelverket og kommunen sitt økonomireglement om attestasjonar.

Denne uttalen er berre utarbeidd for det føremål som er omtala ovanfor og til informasjon for kontrollutvalet i Sykkylven kommune, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Ålesund, 24.1.2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

Rapport etter forenkla etterlevingskontroll

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING TIL KONTROLLUTVALET 12.02.2020

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

Kriterium for kontroll av kontraktsoppfølging

- ▶ Innkjøpsregelverket – Anskaffelsesforskriften og Veileder til reglene om offentlige anskaffelser
- ▶ Kommunens økonomireglement
 - ▶ «Den som har attestasjonsfullmakt skal sjå til at varer/tenester er motteke, og at det er samsvar mellom faktura/rekning og avtalt mengde og pris, samt at kontonummer og andre data er riktig påført»

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

Angrepsvinkel

3

- ▶ **Avgrensing:**
- ▶ Vesentlege vare- og tenestekjøp i Pleie og omsorg
- ▶ Risikoområder i oppvekstsektoren – leirskule og skulebøker
- ▶ Dei tre største investeringsprosjekta

- ▶ **Kontrollhandlingar**
 - Er bokførte utgifter i samsvar med kontrakten
 - Er kontrakten gyldig (til døme utgått på dato)
 - For rammeavtale: er avrop gjennomført etter reglane
 - For investeringsprosjekt: Er kontrakten innafor budsjettamme og er eventuelle endringar lovlege

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

Pleie og omsorg

4

- ▶ Vesentlege innkjøp er kjøp av tenester frå vikarbyrå
 - ▶ Bokførte utgifter er i samsvar med kontrakten
 - ▶ Kontrakten har prisfastsettelse etter tariffavtale
 - ▶ Fakturert pris samsvarer med tariff
 - ▶ Kontrakten gjeld for perioden april 2016 – april 2020

- ▶ Ingen merknader

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

Oppvekstsektoren

5

- ▶ Skulebøker og leirskule
 - ▶ For skulebøker er bokførte utgifter i samsvar med kontrakt på skulebøker – fellesanskaffelse Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre
 - ▶ Ingen signert kontrakt på leirskule, tilbud frå ein tilbydar per epost
 - ▶ Mangler konkurranse på leirskule, men under terskelverdi på kr 100.000
 - ▶ Fakturert pris samsvarer med avtale
 - ▶ Kontrakt skulebøker gjelder for perioden 4.7.2018 – 1.8.2020
 - ▶ Tilbud fra leirskolen gjelder for 2019 – 2023

Tilrår konkurranse på alle kjøp, også for innkjøp under kr 100.000

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

Investeringsprosjekt

6

- ▶ **Kunstgrasbane**
 - ▶ Kontrakt på 2,6 millioner inkl mva
 - ▶ Sluttfrist 20.8.2019
 - ▶ Bokførte utgifter i samsvar med kontrakt
 - ▶ Ingen tilleggsarbeider
 - ▶ Siste del er ikke betalt ennå
 - ▶ Ingen merknader

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

Investeringsprosjekt

7

▶ Nysætervegen

- ▶ Kontraksbeløp 9,9 millioner inklusive mva - for Nysætervegen og Fausavegen
- ▶ Budsjett 16,2 mill
- ▶ Utgifter hittil er bokført med kr 15,7 mill i 2019
- ▶ Bokførte utgifter er har fleire kontraktar

- ▶ Kontrakten er en totalentreprise for oppgradering av veier i 2019
 - ▶ Kontrakten angir ferdigstillingsdato 15.11.2019

- ▶ Ingen merknader

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Investeringsprosjekt

8

▶ Tynesvegen

- ▶ Kontraksbeløp 9,9 millioner eks mva
- ▶ Kontrakten var for perioden 8. august 2018 og i 8 veker
 - ▶ Bokførte utgifter ut over kontraksbeløp
 - ▶ Utgifter eks mva bokført med kr 13,4 mill i 2018 og 2019
 - ▶ Ingen ny kontrakt i 2019

- ▶ Vi rår til at det vert vurdert å utarbeide rutinar for kjøp etter endringar i høve til kontrakt

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

Oppsummering

9

- ▶ **Kommune bør vurdere om det er naudsynt å ha intern kontroll for å sjekke om det har vore konkurranse på alle innkjøp (leirskule)**
- ▶ **Kommunen bør vurdere å etablere rutinar for handtering av kjøp av tilleggstenester etter endringar i føresetnadene, som kjem når ein er midt i eit prosjekt. For eksempel ei sjekklister over punkta i anskaffelsesforskrifta § 28-1 og 28-2, for å vurdere om endringa er innafor reglane**

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

10

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får enda bedre kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

Sak 06/20 Årsrapport 2019 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap for Sykkylven kommune.

Bakgrunn:

Sjå vedlagte årsrapport frå Nordre Sunnmøre Kemnerkontor. Kontrollutvalet i Sykkylven kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon vidare sakshandsaming.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette. Rapporten blir også sendt kommunestyret.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat



Nordre Sunnmøre

KEMNERKONTOR

Årsrapport for 2019

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	5
2. Skatteregnskapet.....	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	5
2.2 Vurdering av skatteinngangen.....	5
2.3 Margin.....	6
3. Innfordring av krav	8
3.1 Restanseutviklingen	8
3.2 Innfordringens effektivitet	12
3.3 Omfang av lempningssaker – ettergivelser og betalingsavtaler.....	13
4. Arbeidsgiverkontroll	13
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	13
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	14
4.3 Resultater fra kontrollene	14
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	15
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører.....	15
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	15

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkreverkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering

Det er inngått avtale om felles skatteoppkrever for kommunene Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Sykkylven, Ørskog og Ålesund. Samarbeidet er organisert etter kommuneloven § 28b, administrativt vertskommunesamarbeid. Ålesund kommune er vertskommune for samarbeidet. Skatteoppkreverkontoret har fått navnet Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) og er lokalisert i Ålesund Rådhus.

Kemneren er organisert som en egen virksomhet i kommunen og er administrativt underlagt rådmann. Virksomheten ledes av kemneren (virksomhetsleder). Kemneren utøver den myndighet og de plikter som etter lov om betaling og innkreving av skatt av 17.06.05 nr. 67 (skattebetalingsloven) er tillagt den kommunale skatteoppkreveren, jf. § 2-1, og instruks for skatteoppkrevere fastsatt av Skattedirektoratet 07.04.14 med hjemmel i skattebetalingsloven §§ 2-8 og 17-1.

Virksomheten har tre kjerneområder. Førings av skatteregnskap, innkreving av skatter og avgifter under fellesinnkrevingen, og arbeidsgiverkontroll. Hvert funksjonsområde er ledet av en koordinator, og de ansatte er spesialisert innen et nærmere avgrenset fagområde. Fagleder/teamleder har ansvaret for å lede det daglige arbeidet i sin gruppe/team.


I tillegg er det etablert samarbeid mellom kommunene om arbeidsgiverkontroll. Arbeidsgiverkontrollen er organisert i et eget team som ligger under kemneren.

Arbeidsgiverkontrollen er et samarbeid mellom kommunene: Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog, Ørsta, Stordal, Ålesund, Herøy, Hareid, Volda, Ulstein og Sande. Arbeidsgiverkontrollen utføres på vegne av og under vedkommende skatteoppkrevers ledelse og ansvar

Hovedoppgaver:

- Innfordring av skattetrekk, arbeidsgiveravgift, forskuddsskatt og restskatt overfor upersonlig skattepliktig.
- Innfordring av restskatt og forskuddsskatt for forskuddspliktige overfor personlig skattepliktig.
- Informasjon til arbeidsgivere.
- Kontroll av a-meldinger.
- Føring og kontroll av skatteregnskapet.
- Kontroll og avstemming av skatteavregningen.
- Avholde regnskapskontroller.

Organisasjonskartet nedenfor viser hvordan virksomheten var organisert ved det nye kemnerkontoret:



Ressurser

For 2019 er det 24 årsverk ved skatteoppkreverkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	3,0	12,5%
Innføring	7,0	29,1%
Arbeidsgiverkontroll	13	54,2%
Administrative oppgaver	1	4,2%
SUM	24	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Pr 31.12.18 hadde kemnerkontoret 24 ansatte. Av dette er 2,5 årsverk benyttet til arbeidsgiverkontroll i de andre kommunene som er med i samarbeidet om arbeidsgiverkontrollen.

I perioden har vi hatt ansatte som har vært langtidssykemeldt, foreldrepermisjon, permisjon for å delta i offentlige verv. Det er ikke korrigeret for dette i antall årsverk. Ålesund kommune har felles arkiv, resepsjon, servicetorg og sentralbord. Kemnerens andel av disse ressursene er ikke hensyntatt i oppgitte årsverk benyttet til skatteoppkreverfunksjonen.

Arbeidsgiverkontrollen har hatt knappe ressurser i forhold til kravene. Vi har ikke hatt tilstrekkelig med ressurser til å oppnå resultatkravene for 2011, 2012, 2013, 2014, 2015 og 2016. Vi fikk fra 2016/2017 tildelt midler for å styrke arbeidsgiverkontrollen. Det ble ansatt 3 nye medarbeidere i 2016/2017. Videre har to lønnsrevisorer sluttet i sine stillinger i 2017 og to i 2018, og det ble ansatt nye medarbeidere for disse stillingene i løpet av 2018. Disse har vært under opplæring, noe som har påvirket resultatopptakelsen for arbeidsgiverkontrollen. Videre ble arbeidsgiverkontrollområdet i 2019 styrket med to nye stillinger. En stilling er omdisponert fra innføring. I oktober 2019 ble det ansatt ny faglig leder i arbeidsgiverkontrollen fordi tidligere leder gikk av med pensjon.

